

Kan koronaviruset stoppa Festidalen 2020.

15.03.2020



Festidalen 2020 kan bli stoppa av koronaviruset.

Det mange som spør om det kan bli noko av Festidalen i år, slik det utviklar seg med koronaviruset. Kva med 17. mai feiringa ? I verste fall vil ein sei til samlingar og markeringar på nasjonalldagen. Dersom det ikkje vert 17. mai, ja, så er det ei historisk hending i fredstid. Ein må like tilbake til 1944 og åra i krigstida for å finna ei tid då det var forbode å høgtida 17. mai.

Uskedalen.no har snakka med Una Kolle, festivalsjef i Festidalen. Ho fortel at styret har drøfta situasjonen og at ein er i dialog med Norske konsertrangører for å halde seg oppdatert.



Styret i Festidalen er i løpende kontakt med konsertarrangørane om årets festival.

- Inntil vidare held me fram med arbeidet for Festidalen 2020, og håpar at situasjonen er ein annan i juni enn den er no. Me ser med stor uro på korleis denne krisa rammar kulturfeltet, og håpar verkeleg at det kjem ein krisepakke til denne næringa snart.

Dersom det vert naudsynt å halda fram med å avlysa kulturarrangement utover sommaren, kjem Festidalen sterkt tilbake i 2021. Me håpar at publikum har forståing for at me ikkje kan sei noko meir konkret på dette tidspunktet.

Det siste er at Regjeringa har lagt inn tilskot og rammer til 3. sektor, kultur, arrangørar og artistar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Festidalen/ Kristian Bringedal